

# ÅRSMELDING 2017



31.12.2017

FOR SELJE KYRKJELEGE  
FELLESRÅD

# Årsmelding 2017

## FOR SELJE KYRKJELEGE FELLESRÅD

### SELJE KYRKJELEGE FELLESRÅD

#### Fellesrådet

I alle kommunar med meir enn eitt sokn, er det lovfesta at det skal vere eit kyrkjeleg fellesråd. Kyrkjeleg fellesråd er eit felles organ for sokna, og eit kyrkjeleg organ forplikta på føremålsparagrafen ein finn som § 1 og § 28 i kyrkjelova. I kyrkjeleg fellesråd sit det representantar for sokneråda, i tillegg til ein prest og ein representant oppnemnd av kommunen. Kyrkjeleg fellesråd har sin eigen «hovudparagraf» i kyrkjelova (§ 14) som seier kva som er føremålet med rådet, og kva oppgåver det har.

Fellesrådet sine oppgåver er

- Administrative og økonomiske oppgåver på vegne av sokna.
- Å utarbeide mål og planar for den kyrkjelege verksemda i kommunen.
- Å fremje samarbeid mellom kyrkjelydane.
- Å ta hand om interessene til sokna i høve til kommunen.

Blant dei viktigaste oppgåvene til kyrkjeleg fellesråd er

- Bygging, drift og vedlikehald av kyrkjer, kyrkjegardar og kyrkjeinventar
- Å skaffe og drive kyrkjecontor
- Å skaffe lokale, utstyr og materiell til konfirmasjonsundervisninga, også tilrettelegging for konfirmantar med særskilde behov
- Å ha arbeidsgjevaransvar for dei som er lønna over fellesrådsbudsjettet
- Å forvalte felles økonomi

#### Selje kyrkjelege fellesråd har vore samansett slik:

**Selje:** Doris Hammersvik og Anne-Helen Espeseth

Vara: Marilyn Osmundsvåg og Gunn Lillesalt

**Leikanger:** Ove Magnus Årvik og Leif Johnny Prestvik

Vara: Randi Hildur Hoddevik og Fredrik Hovden Borgund

**Ervik:** Kirsti Stave Stevik og Åge Jon Ervik

Vara: Magnar Barmen og Sylvi Olsson

**Kommunal representant:** Gunn Helgesen Vara: Hanne Marie Utvær

**Leiar:** Doris Hammersvik

**Nestleiar:** Kirsti Stave Stevik

**Kyrkjeleg adm.utval:** Anne-Helen Espeseth - leiar, Åge Jon Ervik og Ove Magnus Årvik Vara: Leif Johnny Prestvik

**Forhandlingsutval:** Doris Hammersvik - leiar, Anne-Helen Espeseth, Åge Jon Ervik og kyrkjeverja

**Arbeidsutval:** Arbeidsutvalet er delt i tre, slik at det er dei to frå kvart sokn som vert kontakta om lokale saker dersom det er nødvendig.

**Selje kyrkjelege fellesråd hadde 3 møte og handsama 31 saker i 2017.**

## Personale

Det har vore endringar i den faste staben i 2017. Randi-Marie Røyset har sluttat som vikar som kyrkjegardsarbeidar. Fellesrådet takkar ho for god innsats. Beate Folkestad Osdal blei tilsett som kateket frå august 2017, men på grunn av manglende prest var ho vikarprest fram til januar 2018. Fellesrådet takkar ho for hennar gode innsats som prestevikar. Det er ønskjeleg at 50 % kyrkjegardsarbeidarstilling får fast bemanning. Stillinga har vore ledig, men arbeidet har vore utført etter timeliste. I 2017 var Jon Andre Pileberg sommarvikar; han gjorde ein god innsats. Kari Leine Balog gjekk av som sokneprest i 2017, etter 11 års teneste. Eli-Johanne Rønneklev vart tilsett av Bjørgvin bispedømmeråd som sokneprest i Selje.

## Resultatmål for 2017

Som tidlegare år har kyrkjene vore i bruk til gudstenester, gravferd, bryllaup, dåp, konfirmantundervisning, babysong, trusopplæring, korøvingar, konsertar og andre aktivitetar som kyrkjelydane, biskopen og sokneråda har hatt ønske om.

## Statistikk

	2014	2015	2016	2017
Søndagsgudstenester	67	64	81	<b>64</b>
«Andre gudstenester»	15	10		<b>13</b>
Deltakarar ved gudstenestene	5306	5064	5563	<b>5476</b>
Døypte	33	26	30	<b>31</b>
Konfirmantar	40	35	30	<b>30</b>
Vigsel	8	6	7	<b>3</b>
Gravferd	25	22	32	<b>25</b>
Offer Til eige arbeid Innsamla, gåver, basarar messe Til eige arbeid Gjevartenesta	?	15321/54525	173476,- 52255,- 105290,- 60867	<b>151.744,-</b> <b>55.867,-</b> <b>75.250,-</b>  <b>54.040,-</b> <b>35.350,-</b>

## Aktivitetar i 2017

3.-7. mai 2017 var det bispevisitas, i Selje prestegjeld, ved biskop Halvor Nordhaug. Dette blei ein vellukka visitas, med variert program i alle tre kyrkjene. Biskopen var på bedriftsbesøk hos Paneda og hos Helge Borgund kystgeiter. Biskopen, med følgje, besøkte Selje skule og Stadlandet eldretun. Under visitasen var det medarbeidarfest med flott musikk ved DROPS, Stadlandet Gospelkor og Jon Inge Sigerland. Visitasen vart avslutta med Visitasgudsteneste i Selje kyrkje.

Det var felles prostevitjing med Eid kyrkjelege fellesråd 28.09.2017; først stabssamling på Eid og så møte med sokneråda om kvelden.

Kyrkjeverja heldt ein kort presentasjon for kommunestyret 14. september; om kyrkjene og kyrkjegardane sin tilstand. Det er positivt at kyrkja får mulighet til å presentere sine viktige saker for kommunen.

I november blei Stad kyrkjelege fellesnemnd konstituert. Selje sine representantar er Leif Johnny Prestvik - leiar i nemnda, Sylvi Olsson, Kirsti Stave Stevik og Haldis Håvik. Varamedlemar: Doris Hammersvik, Arne Martin, Åge Ervik og Kirsti Elde. Fellesnemnda hadde 1 møte i 2017.

Ein søknad vart sendt til biskopen; om løyve til å montere lerret og projektor i Leikanger kyrkje. Vi har ikkje fått svar enda. Søknad vart og sendt til bispedømmerådet; om løyve til å montere lys på gravplassen på Leikanger. Det vart innvilga; under føresetnad av at det skulle vere «timer» på lysa.

Ny gudstenesteforordning i Nordfjord vart godkjent av biskopen i Bjørgvin; Halvor Nordhaug. Totalt er det forordna 58 gudstenester i året i Selje. Fordelinga blei slik: 28 gudstenester i Selje kyrkje, 15 i Leikanger kyrkje og 15 i Ervik kyrkje. I forordninga står det at det er naturleg at Selje, som er hovudkyrkje og største sokn, har gudsteneste to gongar i månaden.

## Samarbeid med skule og barnehage

Kyrkja har hatt godt samarbeid med skule og barnehage i 2017, som tidlegare år.

- Besøk av barnehage i kyrkja utanom gudsteneste: 5
- Besøk i barnehage: 5
- Besøk av skuleklasse i kyrkja utanom gudsteneste: 4
- Besøk i skuleklasse: 8

## Tilbod til born/ungdommar

Kyrkja har eit variert tilbod for forskjellige aldersgrupper i kommunen. Dei kontinuerlege tilboda er søndagsskule i Ervik, barnelag i Nordpollen, speidargruppe på Flatraket og babysong i Selje, som tiltak i trusopplæringa. Laurdagsgraut blei 3 gangar i 2017 arrangert av «Velsign vårt hus»; trusopplæringa i Selje. Andre ting, som har vore i kyrkja, for barn og ungdom er prosjektkor i Selje; påskemusikal og julebarnekor, Lys Vaken i Selje kyrkje, Seljedag for konfirmantane; på Seljeøyna og fasteaksjon; innsamling tysdag før palmesøndag. Frå februar til april var det tilbod om minibarnekor på Flatraket.

## Konsertar/Musikk i kyrkjene

Konsertar i regi av sokneråda: 10 i 2017. Tal tilhøyrarar: 1047. 8 i 2016. Tal tilhøyrarar: 965.

Konsertar i regi av andre: 5 i 2017. Tal tilhøyrarar: 1547. 9 i 2016. Tal tilhøyrarar: 1302

Det blei arrangert 2 salmekveldar i Leikanger kyrkje. Stadlandet gospelkor var med på den andre salmekvelden. I samband med Seljumannamessa var Bergen domkor på besøk, og i tillegg var det messingkvintett på messa. I 2017 var det fokus på Martin Luther i samband med reformasjonsjubileet; med salmekveldar i Selje, med deltaking av Frisk bris, og i Ervik, med deltaking av Stadlandet gospelkor. Eline og Jon Inge gjorde ein kjempejobb med musikk og foredrag. Musikkutvalet, leia av organisten, gjorde ein god jobb med å organisere/planlegge desse eventene. Som tidlegare år har det vore godt samarbeid mellom organisten og koret Frisk Bris. Det samarbeidet gjer at kormedlemar gjerne stiller opp som forsongarar i kyrkja. Det var rikeleg av konsertar i desember, som vanleg. 3. desember hadde DROPS konsert i Ervik, der Jon Inge og lydmannen gav sine honorar til innsamling av nytt orgel i Ervik. Fellesrådet takkar for den generøse gåva. Helgesenkoret hadde sin tradisjonelle adventskonsert i Selje kyrkje. Frisk Bris hadde adventskonsert i Ervik kyrkje. Dei tradisjonelle julekonsertane var i Selje og Leikanger kyrkje. Nyttårskonserten var dette året i Leikanger kyrkje, den var veldig godt besøkt.

## Kurs for dei tilsette

To frå staben reiste til Oslo på kurs om kommunesamnslåing. Kyrkjedag for Nordfjord var 28. oktober, hovudtema «Martin Luther - rebell og framleis aktuell?». Hovudgjest var professor Oddvar Johan Jensen. Medarbeidarsamling på Nordfjordeid 19. januar, med tema gudsteneste. Det var felles prostevitjing med Eid kyrklege fellesråd 28.09.2017; først stabssamling på Eid og så om kvelden møte med sokneråda og fellesråda.

## Andre aktiviteter

Sokneprest og organist hadde andakter på Selje eldretun, Seljetunet og Stadlandet eldretun, ein gong i månaden på kvar stad.

Søndagskveld i Selje kyrkje.

I 2017 begynte bønesamlingar i Selje kyrkje torsdag kl. 10-11; dei er opne for alle.

Kyrkjenytt kom ut 4 gangar i 2017 sitt 46. årgang. Laura-Marie Fure og Magnus Fure gjør en fantastisk jobb kvart år som redaktørar.

## Kyrkjene i Selje

### Ervik kyrkje

Ved Ervik kyrkje vart to nye LED-flaumlys monterte. Kommunen fekk på plass stor bossdunk (660 l), som vart sett ut 27.04. Dunken vart tatt inn seint på hausten. Dette fungerte godt for kyrkja. Ervik sokneråd kjøpte inn ny oppvaskmaskin. I 2017 mottok Selje kyrkjelege fellesråd skriftleg lovnad om gåve på 250000 frå Ervik Havfiske til orgelkjøp i Ervik kyrkje. Fellesrådet takker for den generøse gåven. Det er håp om at i 2018 blir nytt orgel kjøpt.

### SERVICEBYGGET VED ERVIK KYRKJE

I august blei det mulig å betale for bruk av servicebygget med Vipps. Etter tidlegare år med utilfredsstillande toalettforhold i servicebygget, har Selje kommune gjort avtale om reinhald med eit lag i Ervik, som har gjort ein veldig god jobb. Kommunen har signalisert at denne avtalen held fram.

### Leikanger kyrkje

Soknerådet demonterte to benkar i Leikanger kyrkje og ein varmeomn blei flytta lenger bak av Eid Elektro. Det blei satt opp ny varmtvassbereder på dametoalettet i Leikanger kyrkje.

### Selje kyrkje

Det blei skifta til LED-pærer i lysekronene i Selje kyrkje. Atle Nøstdal monterte «ny» kjøkkenbenk og skap i dåpssakristiet i oktober. Dette er gjenbruk av skap som staben henta i Holvik; det blei godt gjennomført av felleskrefter og god arbeidsånd. Bordet som var før i dåpssakristiet, blir brukt bak i kyrkja. Stadt VVS flytta vasken. Hovuddøra til Selje kyrkje vart reparert. Teleslynge kom på plass igjen i september.

## Kyrkjegardane

På kommunestyremøtet 14. desember blei festeavgifta auka til 200,- kroner/år, med intervall på 10 år. På grunn av fleire ting blei fakturaene for festeavgift sendt ut seinare enn vanleg. Vi beklagar ulempene dette kan ha medført. I 2018 skal vi vere i rute og skal kunne sende fakturaene for festeavgift i november.

Honda gå-bak-plenklyppar blei kjøpt i slutten av sesongen; om sommaren hadde vi fått låne klippar frå kommunen.

Privatpersonane Steinar Instebø og Sølvi Instebø gjorde ein imponerande jobb frivillig og tok biletet av kvart einaste gravminne på Selje kyrkjegard. Kyrkja fekk kopi av biletet og dei blei lasta opp i Ecclesia. Dette samarbeidet førte til at Selje kyrkjegard, med dei offentlege opplysningane, er lagt ut på «Slekt og data» si heimeside. Der kan folk som jobbar med slektsgransking leite etter personar som er gravlagde på Selje kyrkjegard.

Fellesrådet innvilga søknad frå John Marius G. Furnes om å få utføre gravstell på gravplassane i Selje.

## Ervik kyrkjegard

I 2017 vart det gjort ein kjempejobb med å lage gravkart for heile gravplassen i Ervik. Randi-Marie Røyset gjorde ein stor jobb med det, med vegleiing frå Per Røyset og Helge Borgund. Ervik gravplass er no digitalisert, som dei andre to gravplassane.

## Leikanger kyrkjegard

I juli 2017 var det samarbeid mellom kyrkja og flyktningetenesta i kommunen. Det var 3-4 som jobba i lag med kyrkjegardsarbeidarane på forskjellege prosjekt, største jobben var arbeid på Leikanger kyrkjegard, G1, der gamle minneverdige gravsteinar blei monterte. Helge Borgund var leiar for prosjektet. Kommunen asfalterte heile parkeringsplassen ved Leikanger kyrkje i november 2017.

Kyrkjegardsarbeidarane, saman med kommunen, jobba med førarbeid og klargjering til asfaltering. Det vart skrapa og grusa ved vassposten på C-feltet. I oktober vart det innkjøpt aluminiumsskyvestige 5 + 4 m. Gran på D- og E-feltet blei saga ned av kyrkjegardsarbeidarane.

## Selje kyrkjegard

Ein privatperson melde seg sjølv til å reinske ei gjengrodd trapp ved Selje kyrkjegard i mai 2017. Kyrkja er takksam for det.

## Økonomi/budsjett/rekneskap

Driftsbudsjettet for 2017 hadde ein balanse på kr 4.073.000, med tilskot frå kommunen på kr 2.800.000.

Rekneskapen viser at det for 2017 er eit positivt netto driftsresultat på kr 156.588,44. Etter avsetningar på kr 46.261,82, herav dekking av tidlegare års underskot med kr 31.021,82, og bruk av avsetningar på kr 69.447,14 står vi igjen med eit rekneskapsmessig mindreforbruk (overskot) på kr 179.773,76. Alt av underskot frå tidlegare år er inndekka, slik at overskotet på kr 179.773,76 kan avsettast til disposisjonsfond. Disponering av overskotet vert gjort ved fellesrådet si endelege handsaming av årsrekneskapen for 2017.

Festeavgifter for graver er mykje høgare enn budsjettert. Festeavgiftene blei auka i 2017. Tilskot frå Kyrkjerådet til trusopplæringa var kr 230.895,-.

Lønsutgiftene er 7,9 % lågare enn budsjettert. Totalt gjev dette eit mindreforbruk på lønsbudsjettet på kr 220.854,- (løn minus refusjonar frå NAV) for 2017. Det er totalt inntektsført kr 153.394,- i refusjonar ved sjukdom.

Prosjekt 05, «Eigenkapitalinnskot KLP», i investeringsrekneskapen har brukt kr 1.237,- meir enn vedteken budsjettramme. Meirforbruket er førebels dekka inn ved bruk av ubunde investeringsfond. Endeleg inndekning av meirforbruket vert gjort ved fellesrådet si endelege handsaming av årsrekneskapen for 2017. Udekka, i investeringsrekneskapen frå tidlegare år, kr 69.433,-, er dekka inn ved bruk av ubunde investeringsfond, jf. vedtak i fellesrådssak 11/17.

Avsetningar til bundne driftsfond er kr 15.240,- og bruk av bundne driftsfond er kr 38.425,32. Ved utgangen av året står det kr 83.133,51 på bundne driftsfond. Av dette utgjer fond for etablering av kyrkjeleg fellesråd kr 7.163,55, trusopplæring kr 33.229,96, profesjonelle musikarar til gudstenester kr 27.500,-, gavetil nytt orgel i Ervik kr 5.000,- og gaver til kyrkja kr 10.240,-.

Det står ved utgangen av året kr 739.582,60 på disposisjonsfond og kr 1.119,85 på ubunde investeringsfond.

Som tidlegare år har det vore fleire prosjekt som må settast på vent på grunn av økonomi og bemanning. Vedlikehald av kyrkjebygg har vore nedprioritert på grunn av økonomi. På lang sikt kan det ha alvorlege konsekvensar for dei minneverdige kyrkjebygga vi har i kommunen. Arbeid på kyrkjegardane er utført på ein god og verdig måte, men ein del ting er ikkje a jour på grunn av for lav bemanning. Kyrkjegardsarbeidarstilling på 50 % står ledig; arbeidet har vorte utført etter timeliste. Det er nødvendig at det no blir fast bemanning i 50 % stilling, i tillegg til Per Røyset si stilling, for å få unna fleire oppgåver.

Det har vore kjøpt nødvendige ting til arbeidet på kyrkjegardane og til trusopplæringa i 2017.

Gjevarteneste vart oppretta i 2017, og kom godt i gang. Fellesrådet takkar alle som har støtta arbeidet i kyrkja. Leikanger sokneråd har gitt frå seg møtegodtgjersle. Fellesrådet takkar for innsparinga ved det, og pengane skal gå til trusopplæringa.

Årsmeldinga og den endelige rekneskapen vert lagt ut på vår nettside <https://kyrkja.no/kyrkjene-i-selje>. Det er også muligkeit for å få det sendt.

## Til slutt.. som tidlegare år

Selje kyrkjelege fellesråd ønskjer å sikre gode rammevilkår for kyrkja si verksemd i kommunen. Fellesrådet vil legge til rette for (ref. Kyrkjelova §14) at sokneråda kan nå dei mål som er sett for arbeidet deira (ref. Kyrkjelova §9). Dette ønskjer ein å oppnå ved å tilegne seg kompetanse og skape "aktivt engasjement og fornying" (Kyrkjelova §1) i kyrkja.

Fellesrådet ønskjer å styrke og vidareutvikle kyrkjene i Selje som ein god arbeidsplass, prega av tryggleik, trivsel, involvering, god motivasjon og samhald; Ha felles fokus gjennom å ta vare på medarbeidarane og gje dei høve til utvikling og vekst, både fagleg og personleg.